



Jostein Saghaug (MDG) sit heime i stova og er med på kommunestyremøte på Teams.

Kvinnerad kommunestyre hadde sitt fyrste møte på Teams i går kl. 17.00. Jostein Saghaug (MDG) sat heime i stova si og var med på det fyrste fjernmøte på nettet. Kommunedirektøren la fram ei ny innstilling der eit samla kommunestyret gjekk inn for å halda på møteforma og ikkje gje mynde til F.skapet. Neste møte vert alt torsdag 2. april. Det er uvisst kva tid Brannstasjonssaka kjem opp.

Jostein Saghaug frå Uskedalen opplevde møteforma som god. Avisene var med på møte. Det vert arbeid med ei løysing der møta vert streama for publikum. Det vert gjort så snart utstyret er på plass. Tema openhet vart drøfta på møte i går.

Det er som sagt uvisst om saka om Brannvernstrukturen er på saklista til neste møte. Administrasjonen er pressa på saker for tida. Hastesaker kjem fyrst.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat